

## ÅRSMELDING 2009

**Tillitsvalde i 2009-2010 har vore:**

**Styremedlemer:**

Beint Foss, Tveit Historielag, leiar  
Ellen Ledaal Gjertsen, Arendal Historielag, nestleiar  
Anders Auen Grimnes, Vestre Moland og Lillesand Historielag, styremedlem  
Hallvard Tveit, Valle Sogelag, styremedlem  
Ragnhild Skarsten Larsen, Flekkefjord Historielag, styremedlem  
Eilert Skjævestad, Tromøy Historielag, styremedlem  
Olaf Ingebretsen, Vennesla Historielag, styremedlem  
Inge Augland, Torridal Historielag, styremedlem

**Varamedlemer (personlege):**

Helge Wiig, Mandal  
Sveinung Lien, Tvedestrand  
Kristian Sundtoft, Lillesand  
Birgit Attestog, Bygland  
Kari M. Bruli, Kvinesdal  
Jan A. Ommundsen, Færvik  
Gerd Lillian Olsen, Mandal  
Liv Kirsten Rølland, Kristiansand

**Valkomitéen:**

Ellinor Lundberg, Arendal  
Bernt Gautestad, Evje  
Kjell Ove Sætren, Mandal  
Per T. Knudsen, Kristiansand

**Revisor:**

Ettersynet av rekneskapan er gjort av fylkesrevisjonen i Vest-Agder

**Skrivar:**

Borghild Løver, Lindesnes

## Verksemnda i laget:

**Styret**

Det har vore 4 styremøte og 42 saker til handsaming i 2009. I tillegg har leiaren og skrivaren hatt ein god del møte.

**Skrivar**

Borghild Løver har vore skrivar tilsvarende 20% stilling.

**Kontorlokale og arkiv**

Lagskontoret har i 2009 vore i tredje høgda i Mållagsbygget midt i Kristiansand sentrum. Medlemene i historielaget har alltid kunna nå skrivaren per telefon dag som kveld og tinge bøker. Hovudlageret av bøker og årsskrift har vore på Statsarkivet i Kristiansand, dvs. på Gimlekollen.

**Årsmøtet 2009**

Årsmøtet vart halde i "Majorstuen" på Evjemoen laurdag 18. april 2009. Det var møtt fram om lag 45 direktmedlemer og lokallagsrepresentantar. Kathrin Pabst heldt eit levande føredrag om "Kulturhistoriske musé på nye vegar. Mellom krav frå staten, folket og opplevingsøkonomien".

**Medlemsutvikling**

Agder Historielag hadde 840 medlemer den 31.12.2009. 40 av desse var lokallag.

**Årsskriftet 2009**

Årsskrift nr. 85 vart sendt ut ein dag føre jul og var på 196 sider. Årsskriftet vart trykt i 1400 eksemplar, og fekk sær Agder Historielag

god omtale i Fevennen. Agderposten hadde eit stort oppslag om Tryggve Gran-artikkelen frå årsskriftet. Tema denne gongen var: biografiar, kulturminne, solur, folkeminne (heksebrenning), sjukdomshistorie (nervefeber) og krigshistorie. I redaksjons-komiteén sat Beint Foss, Johnny Haugen, Leonhard Jansen, Marie T. Sørensen og Borghild Løver.

### **Egde**

Medlemsbladet EGDE kom ut med to nummer i 2009, og hadde ein stadig finare utsjånad fordi alle bileta etter kvart var i fargar. Redaksjonen for dette bladet var Borghild Løver. Bladet vart trykt i 1100 eksemplar og sendt ut til alle medlemene.

### **Internettside**

Internettsida til Agder Historielag har vorte fullstendig oppdatert i 2009 ved hjelp av eit godt samarbeid mellom Tormod Engebu og skrivaren. Sjå [www.agderhistorielag.no](http://www.agderhistorielag.no).

### **Agders Historie**

Det er kome ut fire band av Agdersoga:

- 1920-1945 (Kjell Olav Masdalen, 1991, 2000 eks.)
- 1840-1920 (Bjørn Slettan, 1998, 2000 eks.)
- 800-1350 (Torbjørn Låg, 1999, 2000 eks.)
- 1641-1723 (Ingeborg Fløystad, 2007, 2500 eks.)

Det femte bandet (1350-1640), som Stein Tveite skriv på, kjem vonleg ut i løpet av dei neste to åra.

I komiteén for Agdersoga sit Stein Tveite, Bjørn Slettan, Gustav Sætra, Berit Eide Johnsen og Rune Holbek. Anne Tone Aanby er biletredaktør. Komiteén har hatt desse møta i 2009: 26.-27. mars og 5.-6. nov.

### **Nemndarbeid**

Den ypparlege turnemnda i laget, Olav Arne Kleveland, Birgit Attestog og Jan Arild Andersen, hadde lagt opp til ein fantastisk vestlandstur med fruktbløming i Hardanger 21.-24. mai.

Ei stadnamngruppe vart utnemnd for å jobbe for å få til ei statleg nettbasert presentasjonsløysing for stadnamn i Noreg: Terje Sandkjær, Eilert Skjævestad og Ivar J. Jansen.

Ei nemnd for barnevandringar i høve den etter kvart aukande satsinga på dette temaet vart òg utnemnd i 2009: Terje Sandkjær og Tyra Ågedal.

### **Annan aktivitet/samarbeid**

Landslaget for lokalhistorie ville ha landsmøtet på Sørlandet denne gongen, dermed vart Rica Dyreparken Hotell like utanfor Kristiansand åstad for dette helga 5.-7. juni. Ein lokal komité av dei næraste lokallaga utarbeidde to flotte ekskursionar for landsmøtedelegatane: Flekkerøy Historielag, Christianssands Byselskab, Randesund Historielag, Torridal Historielag, Birkenes Historielag, Tveit Historielag, Agder Historielag og Høvåg Museums- og Historielag. Frå Agder Historielag møtte Beint Foss og Kristian Sundtoft som delegatar (Borghild Løver deltok utan røysterett).

Agder Historielag var til stades på Agderseminaret på UiA i Arendal 16. og 17. okt. I tillegg er historielaget sterkt medverkande til realiseringa av ei eiga brukargruppe av Bentsens hus (Kronprinsens gt. 59) og har hatt nokre møte med kommunen og brukarane i samband med dette.

Agder Historielag har hatt temamøte i samarbeid med eit lokallag for fyrste gong; som var 10. oktober i Arendal, med Arendal Historielag som praktisk tilskipar. Gustav Sætra heldt eit interessant føredrag om sjøfartsbyen Arendal. Før føredraget var det omvising på Tyholmen v/Øyvind Rosenvinge.

Agder Historielag stod på stand under Naturligvis (tidl. Landbruksdagane) på Evjemoen 14.-16. aug.

Leiaren i Agder Historielag heldt føredrag om namneskikk på slektsforskar dagane (ved DIS) i Arendal 31. okt.

### **Økonomi**

Medlemskontingenten for 2009 var på 250,- kr., altså den same som året før. Vest-Agder Fylkeskommune gav eit driftstilskot på 110.000 kr., i tillegg til eit tilskot til Agdersoga på 50.000 kr. Frå Aust-Agder Fylkeskommune kom det 60.000 i driftstilskot og 50.000 kr. til Agdersoga. Rekneskapen viser eit overskot på 165.430 kr i 2009.

På lager har me ståande ei mengd bøker og ein del dvd'ar som sjølv sagt utgjør ein stor verdi, men som ikkje er synt i jamvektrekneskapen. Desse vert talde ved flytting av kontoret. Løylandboka er mest utseld. For fleire detaljar, sjå rekneskapsversyn og revisjonsmelding.

### **Oppsummering**

Historielaget har halde ein høg aktivitet òg i 2009. Nettsida er vorten oppdatert, det er gjort digitalisering av årsskrifta fram til 1952. Representantar frå styret har vore til stades på jubileumsfesten til Kvinesdal Historielag og Søndeled og Risør Historielag. Beint Foss er dessutan styremedlem i Landslaget for lokalhistorie.

I tillegg har me hatt fleire viktige samarbeidspartnarar som me ynskjer å rette ein særskild takk og helsing til:

Kristiansand kommune v/kulturdirektøren og dei andre samarbeidspartnarane i høve Bentsens Hus, i tillegg til Aust-Agder Kulturhistoriske Senter, Statsarkivet og ikkje minst Vest-Agder og Aust-Agder fylkeskommune.

### **Kristiansand, 10. mars 2010**